

Grunneigarar i Ommedal  
v/Kåre Teigland  
6829 Hyen

07.06.2014

Norges vassdrags- og energidirektorat  
Postboks 5091 Majorstua  
0301 Oslo

### **GJENGEDAL KRAFTVERK – UTTALE TIL KONSESJONSSØKNAD OG KONSEKVENSTUTGREIINGAR**

Viser til konsesjonssøknad frå SFE Produksjon AS (SFE) gjeldande bygging av Gjengedal Kraftverk. Vidare viser vi til høyringsvaret vårt i meldingsfasen der vi bad om at ei rekkje punkt skulle konsekvensutgreiast i samband med søknaden. Punkta våre gjekk i all hovudsak ut på at vi ville ha konsekvensutgreidd påverknad på is og isgang, lokalklima og laks/sjøaure (både tilstand og fiskbarheit). I tillegg bad vi om at det vart utgreidd forskjellige avbøtande tiltak for å sikre laks- og sjøaurestamma før utbygging eventuelt startar.

SFE sa i sin kommentar til høyringa at alle punkta våre ville bli utgreidd, men dei ville ikkje gjere undersøkingar av oppvandrande fisk i vassdraget. Det siste er litt underleg, oppvandrande fisk er ein vesentleg faktor for å kunne utøve fiske i vassdraget og SFE er heilt klar over at dette er ei av dei største bekymringane våre til ei utbygging.

Når det gjeld dei andre punkta som SFE har stadfesta skulle utgreiast, er vi skuffa over korleis dette er løyst. Undersøkingane framstår som overflatiske, tilfeldige og lite konkrete. Konklusjonane til Sweco vert heile tida innleia med frasar som «Vi antar», «Vi har grunn til å tru», «Mest truleg» og «Det er ikkje truleg». Nedstraums utløpet av kraftverket er det på førehand konkludert med at det ikkje vil bli nokon nemneverdig påverknad av kraftverket og det er derfor heller ikkje gjort undersøkingar nedover vassdraget. Vi meiner at denne konklusjonen er feil. Ei utbygging, slik den er omsøkt, vil gje store konsekvensar for vassdraget. I konsekvensutgreiingane sine tabellar over verdifastsetjing av enkeltelement innanfor dei forskjellige fagområda virkar det som om SFE og Sweco prøver å dekkje over område med høg verdi. Dei blir plassert i lag med område av låg verdi slik at gjennomsnittet blir middels. Vi er usikre på om dette stettar metodekrava til konsekvensutgreiing, men resultatet er uansett at totalverdien til området blir for låg. Dette blir etter vårt skjønn heilt feil.

Under arbeidet vårt med gjennomgang av konsesjonssøknad og konsekvensutgreiingar har vi vore i kontakt med fleire fagmiljø innanfor dei forskjellige fagområda. Vi har lest det vi har kunne finne av offentleg tilgjengeleg rapportar som omhandlar konsekvensar av kraftutbygging generelt og Gjengedalsvassdraget spesielt. Dette har styrka oppfattinga vår om at ei bygging av Gjengedal Kraftverk, slik den er omsøkt, vil ha store negative konsekvensar for heile vassdraget og dei omkringliggende områda.

Vi krev at NVE ikkje gjev konsesjon til Gjengedal kraftverk slik det er konsesjonssøkt.

## Grunngjeving

Det er lagt ved 2 fagrapportar til konsesjonssøknaden. «Fagrapport – Landskap, kultur, friluftsliv og reiseliv» og «Fagrapport – Naturmiljø og naturens mangfald». Under vil vi kommentere punkt frå desse rapportane der vi meiner at konklusjonane er feil eller at det er gjort for dårlege utgreiingar.

### **Fagrapport – Landskap, kultur, friluftsliv og reiseliv.**

#### 1. *Landskap*

Fagområdet landskap er gjeven samla verdi «Middels». Dette er eit utslag av snittberekninga nemnd innleiingsvis og må vere heilt feil.

- a. Bekkekløfta, Gjølet, er omtala i rapport frå Biofokus (2011) der den blir omtala som «hotspot» for biologisk mangfald. Rapporten seier også at «ei grundig utforsking av bekkekløfta kan avdekke fleire raudlista arter, og dette kan føre til høgare verdifastsetting (vern) av området». I DN sitt bekkekløftprosjekt er den gjeve klassifiseringa «Regional og nasjonal viktig». Gjengedalsfossen har karakter «svært viktig» i Naturbase. Ei utbygging vil bety at fossen blir kraftig redusert og fossesprøytsone forringa.
- b. I konsesjonssøknaden står det at «regulering av begge vatna skal haldast innanfor naturleg vasstandsvariasjon. Dette gjer at det for begge alternativa vil gje liten konsekvens med tanke på regulering av vasstanden». Det er oppgjeve 70 cm regulering for Storevatnet og 92 cm for Dalevatnet. Vi er undrande til at det er foreslått forskjellig reguleringshøgde på dei 2 vatna. 92 cm for Dalevatnet er ein komen fram til etter berre 1 år med måling. Det kan umogeleg vere nok data for å kunne dra konklusjonar. Vasstandskurvane for vatna Storevatnet og Dalevatnet viser at den foreslåtte reguleringa vil føre til redusert middelasstand. Dette vil bety uttørking av områda og seinking av grunnvatnet i terrenget ovanfor. Konsekvensen er at fuktkrevjande vegetasjon vil forsvinne til fordel for andre artar.
- c. Vassføringskurvane for Slettelva og Støylselva viser også at det blir sterkt redusert vassføring. Det er foreslått ei minstevassføring, men samstundes tatt atterhald om at dersom naturleg tilsig er mindre så vil vassføring bli ytterligare redusert. Som fylgje av dette vil ein få same uttørkingsproblematikk som rundt vatna. I tillegg vil botndyrproduksjonen i desse elvene bli sterkt redusert og fisk døy. Reduksjon av botndyr i desse elvene vil få direkte fylgjer for ål, laks- og sjøaureunger nedanfor Gjengedalsfossen. I neste omgang betyr det redusert næringstilgang for pattedyr og fugl som oter, fossefall og hegre med fleire.
- d. Under fagområdet Landskap er det heilt utegløymt at sprengingsarbeid og massedeponi vil gje store negative konsekvensar. Det er hevda at ein mogleg parkeringsplass ved tunnelpåhogg kan vere eit fint utkikkspunkt mot Gjølet. Med det forringa biologiske mangfaldet og den planlagde traseen for ny 132Kv-linje, så tvilar vi på at dette vil gje den heilt store naturopplevinga.

Fagkategorien Landskap vil få så store negative konsekvensar av den omsøkte kraftstasjonen at planane ikkje kan godkjennast.

## 2. Kulturminne og kulturmiljø

Vi vil påpeike at det på side VI (6) i samandraget blir innrømma at ein del kulturminne av nyare tid blir fysisk øydelagde av utbygginga.

## 3. Friluftsliv og reiseliv

På side VIII (8) i samandraget blir det konkludert med at prosjektområdet har samla middels til stor verdi. Vidare står det «i anleggsfasen vil det bli merkbar støy, enkelte stader vil bli anleggsverksemda godt synleg, kvalitet for friluftsliv vil bli svekka».

- a. Anleggsfasen vil bety stor trafikk av tunge køyrety. Vegen opp dalen er smal og svingete, den auka tungtrafikken vil bety trafikkproblem og stor fare for ulykker. Vidare vil anleggsdrifta medføre stor fare for ras og steinsprang ned i Gjølet. Det vil bety at det ikkje er forsvarleg for folk å opphalde seg der og vi kan ikkje sjå anna enn at Gjølet må avsperrast. Når ein veit at fiskekortselgjarane i Gjølet omset for 10-12.000 kr i sesongen, der døgnprisen er 100 kr, er det stort antal brukstimar for fiske og friluftsliv som forsvinn i anleggsfasen.
- b. Det vil ikkje vere heilt enkelt å nytte Gjølet i driftsfasen heller. Dei planlagde massedeponia er foreslått plassert ved nedgongane (sti) til Gjølet. Vidare vil ei slik plassering auke risikoen for ras og steinsprang sjølv etter at anleggsfasen er avslutta. Deler av Gjølet er berre tilgjengeleg ved låg vassføring. Ei brå vassføringsauke (t.d. oppstart av kraftstasjonen) vil kunne føre til at dei som oppheld seg i Gjølet vil bli fanga av vassmassane utan å kunne kome seg opp att. Vi kan ikkje forstå anna enn at Gjølet må stengast for all ferdsel.
- c. Den delen av Gjengedalsvassdraget som er kjent som Ommedalselva er ofte omtala som ei «folkeelv». I det ligg det at det er fritt kortsal til prisar som gjer at kven som helst har råd til å utøve laksefiske. Ei utbygging som forringar fiskebestanden og reduserer høvet til å få fisk på kroken vil direkte påverke eit stort antal fiskarar. Det vert seldt fiskekort som gjev ei brukstid på nærare 10.000 timar pr sesong. Her er fiskarar frå lokalmiljø, elles i landet og frå utlandet.
- d. Nedre del av vassdraget, Aa-elva, er prega av meir eksklusivt fiske. Det vert omsett for store verdiar kvart år. Dette vil ikkje vere mogleg viss fisken forsvinn eller elva endrar karakter.
- e. Laksefisket bidrar til turisme til Hyen og Gloppen kommune og gjev grobotn for andre næringar. Butikk og overnatting t.d. Reiselivsbransjen i Sogn og Fjordane meiner at innan 10 år vil fiske vere det største trekkplasteret for turisme til regionen.
- f. Fisket fremjar også bulyst, noko som er viktig i ein utkantskommune som Gloppen.

Utbygginga vil gje store negative konsekvensar for lokalmiljø, reiseliv og livskvalitet.

### **Fagrapport – naturmiljø og naturens mangfald**

Vi meiner at denne rapporten er overflatisk utført og har mangelfull utgreiing. Konsekvensane er tona ned og konklusjonane er vage. Det blir nytta frasar som «vi antar», «vi har grunn til å tru», «mest sannsynleg» og «det er ikkje truleg at». Dette framstår som useriøst og det kan sjå ut som om konsekvensutgreiinga er laga for å underbygge konsesjonssøknaden, ikkje vere ei uhilda vurdering slik den skal vere. At det er Sweco som står bak både konsesjonssøknad og konsekvensutgreiing er i beste fall uheldig. Vi kan heller ikkje sjå at konsekvensutgreiinga svarar på dei utgreiingane den skal i

høve til fastlagt KU-program. Det mest innlysende i så måte er at Sweco har hatt ein førehandsinntatt oppfatning av at vassdraget nedstraums utløpet ikkje blir påverka. Dei har ikkje gjort nokon utgreiingar for å byggje opp om dette og resultat er at problemstillingane ikkje er belyst.

Sjølv om Sweco må vere kjent med at det har vore gjort kartleggingsarbeid og kategorisering av Gjølet ved fleire høve tidlegare (sjå over) og at det der har vore sagt at det bør undersøkast nærare, viser undersøkingane som er gjort i samband med KU at dei har tatt lett på oppgåva. Dei har berre besøkt deler av området og elektrofisket som er gjort har vore på feil vasstand og tidspunkt. Munnleg innrømmer dei langt på veg at elektrofisket ikkje vart gjennomført i henhold til prosedyre. Likevel trekkjer dei konklusjonar om at det t.d. er lite gyting på strekninga frå Klype til Gjengedalsfossen. Dei som går i Gjølet vil sjå at her er store mengder gytelaks og at yngelbestanden er god. Altså stikk motsatt av Sweco sin konklusjon.

Vi ser at observasjonar av oter er stabil langs heile vassdraget og det er påvist at her er ei fast stamme langs heile vassdraget. Dette må bety at det er næringstilgang til oter også i Gjølet. Ål har vore observert heilt inn til Gjengedalsfossen og vi veit at fiskarar ved fleire høve har fått dei på kroken. Dette er SFE og Sweco informert om, men likevel har det ikkje vore gjort nokon forsøk på å kartlegge bestanden.

Villrein kalvar i området rundt det foreslåtte inntaket til kraftstasjonen. Auka persontrafikk i samband med drift av anlegga vil kunne gje negative konsekvensar for villreinen i denne sårbare perioden.

#### *Regulering og temperaturendring*

Det er konsesjonssøkt regulering av Storevatnet og Dalevatnet innanfor naturleg vasstandsvariasjon. Vi viser til «Kunnskapsserien for laks og vannmiljø 3. Effekter av vassdragsregulering på laks». <http://www.klv.no/pdf/bok3.pdf> Samandraget på s. 7-9 gjev eit godt bilete på konsekvensar for villaksen og underbygger vår skepsis til utbygginga:

1. Reguleringa vil, som sagt over, føre til uttørking av våtområda øvst i vassdraget og øydelegge for fuktkevjande plantar. Vidare vil botndyrproduksjonen bli redusert med dei fylgjene det får for fisk, pattedyr og fugl.
2. Fossesprøytsone vil forvinne og med det truleg fleire raudlista artar.
3. Flaumane vil bli redusert og dratt ut i tid. All erfaring frå fiske i elva viser at laksen er avhengig av 30-35m<sup>3</sup>/s vassføring for å gå opp i fiskesesongen.
4. Reduksjon av flaumtoppane vil og øydelegge for den naturlege utvaskinga/opprensinga av gyteplassane. Dette vil på sikt øydelegge for naturleg gyting.
5. Temperaturendring som fylgje av at det aller meste av vatnet går glipp av oppvarming/nekjøling i Støylselva og Slettelva vil føre til endra tidspunkt for klekking. Sweco har informert oss om at dei framlagde grafane i konsesjonssøknadane var feil, temperaturendringane vil ikkje bli så store som det kunne sjå ut som. Dei innrømmer likevel munnleg at i periodar vil temperaturen vere 1-2 grader annaleis enn utan utbygging. Sjølv ei så tilsynelatande lita temperaturendring vil bety svært mykje for antal døgngader som rogna blir utsett for.
6. Sweco hevdar at restvassføringa i Slettelva og Støylselva vil få så stor temperaturendring grunna redusert vassføring at det langt på veg vil utlikne det at utløpsvatnet frå kraftstasjonen vil ha same temperatur som ved inntaket. Dette er vi svært skeptiske til. Skal

minstevassføring t.d. i mai utlikne 3 grader (frå 3 til 6) ved full produksjon i kraftverket vil det bety at dei 2,5m<sup>3</sup>/s må vere opp mot 20 grader. Det virkar ikkje mykje truleg.

7. Utsett klekking som følgje av temperaturendring vil kunne føre til at smoltifisering blir utsett 1 år. I kombinasjon med redusert næringstilgong vil dette bety at utvandringa blir kraftig redusert. Det vil rett og slett bli mindre lakseungar.
8. Ei ekstra årsklasse i elva vil gjere den endå meir sårbar for eventuelle bråe og uventa vasstansendringar som følgje av kraftverket eller avrenning/forureining frå anleggsdrift og deponi.
9. Regulering vil kunne medføre problem med isgang og frostrøyk om vinteren. Ei lita elv fryser lett til. Viss produksjonen brått aukar vil dette medføre ei stor mengde vatn under eller over isen. Stor massetransport og frostrøyk kan bli fylgjene.
10. Ei brå auke i ferskvatn i den smale Hye-fjorden vil gje større fare for islegging. Dette vil lage trøbbel for dei bedriftene i Hyen som er avhengig av at sjøen er open. Brødrene Aa må ha isfri fjord for sjøsetjing og prøvekøyring av båtar, Hyen Fisk og Hyen Laks har anlegg og merdar i fjorden – islegging kan skade dette utstyret. Ein produksjon på 5m<sup>3</sup>/s i kraftverket vil gje 3,5 gonger meir ferskvatn i fjorden enn kva som er naturleg i kuldeperiodar. Dette er ikkje omtala i KU i det heile.

SFE hevdar at dei ikkje vil effektkøyre kraftverket i det heile. Dei vil produsere på alt tilsig. Då kan ein lure på kvifor dei i det heile har behov for terskling og regulering av vatna.

Regulering og temperaturendring i elva vil gje store konsekvensar for naturmiljø og –mangfald. Det vil også kunne få store konsekvensar for lokalmiljø og næringsliv.

### *Minstevassføring*

Det er forslått ei minstevassføring på toppen av Gjengedalsfossen på 2.41m<sup>3</sup>/s om sommaren og 0,5m<sup>3</sup>/s om vinteren. Dette skal sikrast ved minstevassføring ved utløpet av Dalevatnet og i Støylselva. Differanse mellom desse og vassføringa på toppen av Gjengedalsfossen er betydeleg og er foreslått utlikna med tilsig frå restnedbørsfeltet. Vi har for det fyrste vanskar med å sjå korleis ein er tenkt å dokumentere vassføringa på toppen av Gjengedalsfossen, vidare er vi usikre på om restnedbørsfeltet vil klare å levere den manglande vassføringa. Spesielt om vinteren og i tørre periodar elles.

SFE opplyser at dei vil produsere for fullt så snart dei har høve til det. Dette er sjølv sagt for ikkje å tape vatn til overløp. Vi vil tru at dei vil prøve å tilpasse seg til prisendringar i straummarknaden slik at vasstanden fort er nede på lovleg minstenivå. Er ein fyrst nede på dette nivået før ein tørreperiode, vil det mest truleg vere vanskeleg å oppretthalde minstevassføringa. Det blir tatt atterhald om akkurat dette i konsesjonssøknaden. Om atterhaldet blir godkjent, så vil dette ytterlegare forsterke dei negative konsekvensane av utbygginga. Spesielt i området rundt vatna og langs Støylselva og Slettelva.

Det må bli eit krav til utbyggar at vassføringa på toppen av fossen må dokumenterast. Om det skulle vise seg at ein ikkje klarer å levere denne minstevassføringa, så må det sleppast meir vatn frå magasina. Vidare er vi usikre på om vurderingane som er gjort rundt minstevassføring er gode nok. Som vist til fleire gonger vil den reduserte vassføringa føre til store negative konsekvensar for dei to elvene over fossen og sjølve fossesprøytsona. Når ein veit at EU sitt vassdirektiv kan føre til at andre,

allereie utbygde vassdrag, må auke minstevassføringa, så vil vi be om at NVE tar ein nøye gjennomgang av dette temaet.

### *Omlaupsventil*

Omlaupsventil er foreslått med ein kapasitet på 7,64m<sup>3</sup>/2. Dette er mindre enn 50% av slukeevna til kraftverket. Ved full produksjon og minstevassføring vil vassføringa nedstraums kraftverket vere på omlag 20m<sup>3</sup>/s. Stoggar kraftstasjonen slik at vatnet blir sendt gjennom omlaupsventilen, vil vassføringa brått bli halvert. Dette samsvarar ikkje med anbefalingar frå fagrapportar (Hardby m.fl. 2004). Her kan ein lese «minking i vassdrag må ikkje gå fortare enn 13cm/time om det ikkje skal bli ein dødeleg trussel for fiskeungar». Det finnest fleire døme på at omlaupsventilar ikkje har fungert som planlagt og at stogg i kraftstasjonar har ført til massiv fiske og yngeldød. (Gloppenelva, Jølstra, Arøy t.d.). Her er det potensiale for store negative konsekvensar.

Frå fagorgan har vi fått opplyst at omlaupsventilar bør konstruerast slik at dei tek unna maksimal slukeevne for kraftstasjonen. Samstundes må ein ta hensyn til faren for at opning av omlaupsventil kan føre til gassovermetning nedstraums.

### *Gassovermetning*

Gassovermetning er eit kjent problem i utbygde vassdrag. Spesielt der det er nytta overflateinntak. Sweco hevdar at inntaket vil bli konstruert slik at dette ikkje vil bli nok problem og det vil bli valgt mest mogleg skånsame turbinar. Detaljar kring dette er ikkje kjent ennå, det vil dei kome tilbake til i detaljfasen. Når ein veit kor store konsekvensar gassovermetning vil ha, er dette alt for passivt. Dette burde vore utgreidd i detalj i samband med konsekvensutgreiingane. Ein burde også belyse korleis pumpestasjonen vil virke inn i denne samanhengen.

Vi veit at overmetting på berre 102-103% i klekkeri/smoltanlegg fører til adferdsending på fisken. I Otra i Agder har det vore påvist overmetning opp mot 170%. Dette førte til fisketom elv i 4 km og overmetninga var målbar sjølv etter 11km. Skulle ein oppleve slikt i Gjengedalsvassdraget, så vil ein ta livet av all fisk.

### *Bekkekløfta*

Bekkekløfta er ein raudlista naturtype. Gjølet er unikt i nasjonal samanheng og i regionen finnest det, så vidt vi veit, berre ei anna tilsvarande bekkekløft. Den ligg i ein heilt annan landskapstype (Sogn). Bekkekløfta, spesielt nedstraums Gjengedalsfossen, har fått svært lite fokus i KU. Det blir hevda at området vil få middels til liten negativ konsekvens. Dette er fordi den for ein samla karakter ut frå eit snitt av dei fire områda Sweco har delt den inn etter.

På side 55 i KU står det at «Det er kjent at redusert vassføring kan vere negativt for fuktkrevjande artar (i hovudsak mose og lav, spesielt i desse naturtypene. Uttørking er mest kritisk i vekstsesongen om sommaren. Då det er kunnskapsmangel om dei ulike artane si toleranseevne for endra fukttilhøve, er det vanskeleg å seie eksakt kva dette vil bety for enkeltartane. På eit generelt grunnlag kan ein likevel anta at tørketolerante artar vil auke i utbreiing medan fuktkrevjande artar vil minke i utbreiing».

På same side skriv dei «Redusert vassføring vil føre til redusert fossesprøyt».

Vi meiner at bekkekløfta ikkje er godt nok utgreia. Som vist til over er det fleire uavhengige rapportar som hevdar at det er potensiale for å finne fleire raudlista artar i området, noko som kan føre til heving av status (vern).

Det er gjort observasjonar av ål, oter, hegre, havørn, kongeørn og hubro i og tett ved det påverka området. Prosjektet vil gje stor negativ konsekvens for bekkekløfta og det biologiske mangfallet i den.

### *Tunneldriving*

Tunneldriving vil medføre restar av sprengstoff og skadelege partiklar i avlaupsvatnet. SFE seier dei vil lage fleire sedimentbasseng og køyre vatnet gjennom ein oljeutskiljar før det blir sleppt i elva. Vi har forhøyrt oss i andre fagmiljø og fått fortalt at dette neppe er ein metode som vil virke tilfredsstillande. Effektiv sedimentavsetjing vil krevje mykje større basseng enn kva som er praktisk mogleg å få til i utlaupstunnelen. Fleire små basseng etter kvarandre vil ikkje ha nok virkning.

Problemet med sediment i elva vil bli forsterka i periodar med låg vassføring. Då vil konsentrasjonen av partiklar og sprengstoffrestar fort kunne bli så høg at det vil gje akutt fare for livet i elva. Rogn, yngel og ål vil døy.

I sluttfasen av tunneldringa vil ein måtte spyle tunnelen innvendig for å fjerne lausmassar. Dette vil ytterleg forsterke konsentrasjonen av partiklar som kan hamne i elva.

Vi meiner at tunneldrifta vil vere eit sjansespel med tanke på avrenning av partiklar og sprengstoffrestar. Konsekvensen av at det kjem i elva er stor.

Liknande anlegg som SFE foreslår å bygge i Gjengedalen er i drift andre stadar. Besøk på slike stadar viser at sedimentavsetjing til omkringliggende vassdrag førekjem. For oss ser det ut som om utbyggar sitt forslag til reinsing berre er eit forsøk på å feie problemet under teppet.

### *Massedeponi*

Det er foreslått at dei ca 300.000 m<sup>3</sup> med tunnellmasse som blir tatt ut skal lagrast i 4-5 forskjellige deponi. Fleire av dei er foreslått i umiddelbar nærleik til elva og 2-3 av dei er foreslått i Gjølet på nedsida av vegen. I tillegg til fare for ras og steinsprang vil det her vere stort sannsyn for at ein får avrenning direkte i elva. Det kan ikkje vere praktisk mogleg å lage oppsamlingsgrøft omkring deponia i kanten av det stupbratte Gjølet. Vi kan ikkje sjå at det er gjort vurderingar omkring plasseringa av deponia. Kva vil t.d. skje om deponiet rasar ut og fell ned i elva? Ein ting er alle partiklane, kva med faren for oppdemming osv.?

Problemstillingar rundt massedeponi og tunneldrift er lite utgreidd i KU. Det vert i samtale med utbyggar opplyst at dette er ting som vil bli utgreidd i detaljplanlegginga. Igjen meiner vi at dette er for passivt. Tunneldriving og massedeponi kan føre til så store konsekvensar for heile vassdraget at det må utgreiast nærare for det kan gjevast konsesjon.

### *Samla belastning for vassdraget*

Rønnekleiv kraftverk er allereie utbygd. Aa-tverrelva har fått konsesjon og Ommedal tverrelva er konsesjonssøkt. Tek ein med den omsøkte utbygginga av hovudvassdraget så vil omlag 90% av alt

vatnet som renn i vassdraget gå gjennom turbinar. Dette vil vere ein for stor samla belastning for dette viktige vassdraget.

### *Konklusjon*

1. Vi meiner at det ikkje er gjort tilfredsstillande konsekvensutgreiingar.
2. Metodikk nytta i utgreiingane gjev feil verdifastsetjing og konsekvensar med medfølgande feil i konklusjonane.
3. Utløpstunnellen vil i seg sjølv øydelegge 100m med gyte- og oppvekstområde nedanfor fossen.
4. Utbygginga, slik den er omsøkt, vil øydelegge ei sunn laks- og sjøaureelv. Den vil også øydelegge for ålen som vi veit er i vassdraget.
5. Viss alle kraftverk som er konsesjonssøkt og som har fått konsesjon i vassdraget vil bli realisert, så vil dette bety at omlag 90% av alt vatnet i vassdraget vil gå gjennom turbinar. Det vil vere ein altfor stor samla belastning.
6. Vi krev at NVE ikkje gjev konsesjon til bygging av Gjengedal Kraftverk slik det er omsøkt og med dei manglane som konsekvensutgreiingane har.

Med helsing

Kåre Teigland  
på vegne av Ommedal Grunneigarlag

Vedlegg: Vi legg ved høyringsuttale frå Rasmus Ommedal. Han er tidlegare grunneigar og framleis busett i dalen. Grunneigarane har nytta kompetansen hans og støttar oss mykje på det han her legg fram.